



VINDAFJORD KOMMUNE

# Bjoa barnehage

## Årsplan 2022-2023



«Ved å vise omsorg gjer me kvarandre gode»



## Innhold:

|   |      |
|---|------|
| Innleiing                               | s.3  |
| Velkomen til Bjoa barnehage             | s.4  |
| Praktisk info                           | s.5  |
| Tradisjonar og merkedagar               | s.7  |
| Årshjul                                 | s.8  |
| Føremål og verdigrunnlag                | s.9  |
| Innhaldet i barnehagen                  | s.10 |
| Fagområda                               | s.12 |
| Satsingsområda                          | s.13 |
| Overgang barnehage-skule                | s.14 |
| Planlegging og medverknad               | s.15 |
| Vurdering, observasjon og dokumentasjon | s.16 |

## Kontakt oss

Styrar: Åse Markhus Berge

Tlf. 53 65 57 20/40413639

[aase.markhus.berge@vindafjord.kommune.no](mailto:aase.markhus.berge@vindafjord.kommune.no)

Pedagogisk leiar: Wibeche A. Døvik

Tlf. 53 65 57 28 [wibeche.dovik@vindafjord.kommune.no](mailto:wibeche.dovik@vindafjord.kommune.no)



## Innleiing

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet. Det er eit informasjonsdokument til dykk foreldre og andre ulike samarbeidspartnerar som kommunen, PP – tenesta, barnevern og framtidige brukerar. Årsplanen dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal legge grunnlaget for utvikling og kvalitetssikring av barnehagen. Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

Årsplanen er barnehagens overordna pedagogiske dokument. Den byggjer på « lov om barnehager» og «rammeplanen», det er dei to dokumenta som utgjer barnehagens samfunnsmandat.

Rammeplanen gir og retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagens innhald er basert på eit heilhetleg læringssyn, kor omsorg og leik, læring og danning står saman.

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)  
<http://www.lovdata.no/all/nl-20050617-064.html>
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)  
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2017)



## Velkomen til Bjoa barnehage

Bjoa barnehage er ein kommunal barnehage. Skulen og barnehagen på Bjoa har frå 2006 vore organisert som ei eining, Bjoa skule og barnehage. Einingsleiar er rektor på skulen og styrar i barnehagen.

Barnehagen ligg flott til nær naturen. Me brukar nærmiljøet til turar og aktivitetar, og det er kort veg til både sjø og skog. Barnehagen har ein avdeling med barn frå 1-6 år. Me har per august 2021 15 barn, og det er for tida fem tilsette som arbeider her.

Barnehageåret er f.o.m. 15.aug. 2022 t.o.m. 14.aug. 2023, open kl. 06.45 – 16.30.

Barna skal i løpet av året ha fire veker ferie, og tre av desse må takast samanhengande mellom 15.juni og 15.august. Barnehagen skal ha tilbakemelding på barnets ferie innan 1.mai. Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.



Praktisk info  
Personalet  
Barnehagen har ca. 3,2 årsverk.

Åse Markhus Berge  
Wibeche Døvik  
Jenny Haraldseid  
Anne Grethe Gjerde  
Rita Bjørnøy  
Jone Markovicute

Einingsleiar/styrar  
Pedagogisk leiar  
Barnehagelærar  
Fagarbeidar  
Fagarbeidar  
Fagarbeidar



### Opningstid og dagsrytme

- 06.45 Barnehagen opnar.
- 08.00-08.30 Frukost for dei som ynskjer.
- 09.30 Samling / aktivitetar / tur. Fint om alle er komne i barnehagen til kl. 09.30
- 11/ 11.30 Lunsj.
- 12.00 Uteleik.
- 14.30. Påsmurte skiver og frukt.
- 14.30-16.30 Uteleik, leik inne, ulike aktivitetar.
- 16.30. Barnehagen stenger.

### Rutinar ved levering og henting av barna

Bjoa barnehage brukar MyKid der føresette skriv inn kven som har lov å henta barnet, elles så blir det avtalt når barnet kjem om morgonen. Foreldra skal gi beskjed til personalet når barnet kjem og når barnet blir henta. Me har døra til gangen lukka, slik at det blir rolegare for barna som er kome i barnehagen og for dei som kjem. Barnet skal vaska hendene før dei kjem inn, dette for å redusera smitte.

Barnet bør bli levert i barnehagen innan kl. 09.30 om morgonen. Dette for at barnet skal få ein god start på dagen, det er lettare å komma inn i leiken om ein ikkje kjem for seint til barnehagen.

Ver vennleg å sjekke om barnet har nok bytteklede i korga si, uteklede og sko/støvlar.

### Sjukdom

Sjuke barn skal vera heime. Det er best for barnet og ein unngår å utsetje dei andre barna for smitte. Barn som er i barnehagen må vera friske nok til å kunne vera ute. Gi beskjed dersom barnet av ein eller annan årsak ikkje kjem i barnehagen ein dag, helst så snart de kan innan kl. 09.00.

### Kjøp av ekstra tid

Det er høve til å kjøpa ekstra dagar ved ledig kapasitet i barnehagen.

Ved kjøp av ekstra dagar betalar ein kr. 370.- pr dag, det er ikkje søskensmoderasjon ved kjøp av ekstra dagar.

## Hugseliste over klede som barnet treng i barnehagen:

De må merka barna sine klede. Dei kan merkast med klister/strykelappar eller med vannfast tusj.

| Byteklede:   | Varme klede:   | Regnklede:  |
|--|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Truser</li><li>• Trøye</li><li>• Strømpebukse/stillongs</li><li>• Sokkar</li><li>• Bukse</li><li>• Genser</li><li>• Vottar</li><li>• Lue</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Ull/fleecebukse</li><li>• Ull/fleecegenser</li><li>• Ullsokkar</li><li>• Dress</li><li>• Skjerf</li><li>• Lue</li><li>• Vottar</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Regnbukse</li><li>• Regnjakke</li><li>• Støvlar</li></ul> |

## Kontakt med barnehagen

Dagleg kontakt med foreldra er ein viktig del av samarbeidet. Dette er viktig for å formidle beskjedar, og for at borna skal føla seg trygge. Ein kan og skriva melding på appen MyKid. På MyKid finn de blant anna årsplan, månadsplan og biletar frå kvardagslivet i barnehagen. Kvar månad kjem det ut eit brev som fortel litt om det me har gjort, om kva som skal skje framover, og korleis me jobbar i forhold til rammeplanen. På MyKid kan de og melde om barnet tar fri, kjem seinare eller er sjuk.

Ein må sjølvsgått og ta kontakt med personalet når ein er i barnehagen om det er noko ein har lyst å seie, eller om de ynskjer å avtale ein samtale. Det kan vere lurt å snakka med den vaksne aleine av og til, slik at barna ikkje får med seg alt ein vil ta opp.



## Tradisjonar og merkedagar

Når nokon i barnehagen vår har bursdag heng me ut ballongar og flagg ved døra før dei kjem om morgonen. Me feirar bursdag ved lunsjtid. Bursdagsbarnet er i fokus denne dagen. Dei får krone, me syng bursdagssong og dei får gjerne velja meny samt ein ting frå «skattekista».

På hausten inviterer barnehagen til «gamlefest». Det vil seie at dei inviterer dei «gamle barnehagebarna» som no går i 1.klasse.

I tida før jul brukar me tid på å formidla juletradisjonar og julebodskapen. Me blir gjerne invitert på julevandring i Bjoa kyrkje. Dei eldste barna er med på skulen sin juleverkstad. Andre tradisjoner er Luciafeiring, besøk av nissen i lavvoen eller på «julebord».

Barna får gjerne årstidsretta tema, og får utforske den årstida me er i, med ulike materiell.

Påska markerer me med å formidla påskebodskapen, og barna lagar gjerne ulike symbol knytt til påsken.

Me gjer og barna merksame på det nye livet som kjem i naturen om våren.



## Årshjul med planleggingsdagar og feriar

Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilagdagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagane kl.12.00. I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar. Juli er betalingsfri månad.

| Månad            | Hending  |
|------------------|--|
| <b>August</b>    | 12. Planleggingsdag (bhg er stengd)<br>15. Oppstart av nytt barnehageår  |
| <b>September</b> | 12. Foreldremøte barnehagen<br>19. Planleggingsdag nr.1 (bhg er stengd)<br>29. Gamlefest   |
| <b>Oktober</b>   | <u>Tema: Bærekraft</u><br>5. Fellessamling (5.-7.kl ansvar)<br>6. Haustfest<br>v.41 Haustferie skule<br>v.42 Brannvernveke                                       |
| <b>November</b>  | v.45 Førstehjelpsveka<br>11. Planleggingsdag nr.2 (bhg er stengd)  |
| <b>Desember</b>  | 1. Fellessamling (1.-4.kl ansvar)<br>7.-8. Juleverkstad med skulen, S-gjengen<br>13. Lucia-feiring<br>21.12. Juleavslutning i gymsalen kl.18. Barnehage og skule |
| <b>Januar</b>    | Kultursti<br>23. Planleggingsdag nr.3 (bhg er stengd)  |
| <b>Februar</b>   | v.6 Sameveka, Samefolkets dag<br>24. Karneval<br>v.9 Vinterferie skule   |
| <b>Mars</b>      | <u>Tema: Uteliv– vår</u><br>23. Fellessamling ansv. bhg  |
| <b>April</b>     | <u>Tema: Påske</u><br>Påskelunsj barnehage<br>5. Siste dag før påske (bhg. stengjer kl.12.00)<br>6.4.-11.04. Påske   |
| <b>Mai</b>       | <u>Tema: Mengd, rom og form, matte</u><br>1. fridag<br>17. Høgtidsdag<br>18. Høgtidsdag<br>19. Planleggingsdag nr.4 (bhg er stengd)<br>29. Høgtidsdag            |
| <b>Juni</b>      | <u>Tema: Trafikk</u><br>Avslutning s-klubb<br>19. Sommarfest kl 16<br>22. Siste skuledag før sommaren  |

## Føremål og verdigrunnlag

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse (*Barnehagelova*)

### Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar: *fellesskap, omsorg og medansvar*. Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagens pedagogikk. Personalelet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutter og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn.

I dagleglivet i barnehagen skal me arbeida for å fremja forvaltaransvaret for natur og kultur og ansvaret for livet og helsa til andre menneske.

Personalelet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalelet sine pedagogiske drøftinger.

Nytt regelverk 1.1.21: Alle barn har rett på eit trygt og godt barnehagemiljø. Dei som jobbar i barnehagen har plikt til å følgje med og melde frå dersom de får mistanke til at eit barn ikkje har det bra. Barnehage får ansvar for å utarbeide ein skriftleg plan med tiltak som ein skal evaluere.

Vår visjon: **VED Å VISE OMSORG GJER ME KVARANDRE GODE**



Me vil jobba for gode relasjoner, tryggleik, sosial kompetanse, samspele, glede i leiken, språk og kommunikasjon, skapa rom for undring og filosofiske spørsmål, gode verdiar og respekt for nærmiljøet og naturen rundt oss.

Trygge barn trivest og utviklar seg best, dei lærer nye ting heile tida ved å tileigna seg erfaringar. Me vil jobba med sosial kompetanse og samspele mellom barn - barn og barn -vaksne. Mangfald og gjensidig respekt er sentralt for at barna skal lære korleis ein er ein god ven. Å undra seg saman, vera nysgjerrige og stille spørsmål, gir barna erfaring og god læring om livet. Språk og kommunikasjon er eit gjennomgående tema her. Andre kjenneteikn i vår barnehage er å gi barna opplevingar i friluft slik at dei vert glad i naturen. Berekraftig utvikling vil seie at me lærer barna korleis me må bruke naturen rundt oss på ein slik måte at me tar vare på den for framtida og.

## Innhald i barnehagen

### Omsorg

Alle barn skal bli møtt med god omsorg, bli sett og hørt, forstått og respektert. Barna skal bli trygge i barnehagen og dei vaksne skal hjelpe barnet i å utvikle empati. Barna treng trygge og tydelege vaksne. Det er viktig å gje ros og oppmuntring og barn må oppleva at dei meistrar ulike situasjonar og aktivitetar. Dei vaksne må vere gode rollemodellar. Med dette meiner me å vere vaksne som set grenser, sensitive vaksne som gir omsorg, tryggleik og varme. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærliek, innleiving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen.

### Leiken

Leik er barnas viktigaste uttrykksform. Der ser me spontanitet, fantasi, forskar - og skapar trong. Barna får kunnskap om reglar og initiativ og dei lærer om samarbeid og turtaking. Dei vaksne skal vera til stades, gi impulsar, delta aktivt på barnas premisser og ha ein observerande rolle. Barna treng å læra strategiar for å koma inn i leiken slik at dei opplev glede og mestring i samspelet med andre. Me skal hjelpe barnet inn i leiken og skapa rom for leik. Leik legg grunnlaget for utvikling av vennskap, språk og sosial kompetanse.

### Danning

Dei vaksne skal oppmuntra barna til å vera prøvande til og nysgjerrige på omverda. Me skal bidra til at dei kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Her har me sterkt fokus på at barna skal utvikla empati for andre. Det er viktig å kunna «oppføra seg fint». Danning er sagt å vera meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppdragelse og meir enn sosialisering. Danning rommar alt dette.

### Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtta barna sin nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, dogleikar og ferdigheiter. Me vil ha barn som leiker, har tru på seg sjølv og sine handlingar, som tar initiativ, er delaktig og medverkande i barnehagedagen. Læring skjer i alle situasjonar i barnehagen, strukturerte og ustukturerte, i her - og no hendingar og planlagde aktivitetar, i samspel barn - vaksen og barn – barn, det skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært sammen med leik, oppseding og omsorg. Barn lærer gjennom det dei opplever og erfarer på ulike område, vår oppgåve er å gje barn ulike erfaringar og opplevingar som dei lærer noko av. For at læring skal finna stad er det viktig at me legg til rette for å skapa gode relasjonar til kvarandre.

### Vennskap og fellesskap

I rammeplan for barnehagen set ein sosial kompetanse på dagsordenen som eit svært sentralt utviklings- og læringsområde for barn under skulepliktig alder. Barna skal læra seg å vera saman på gode måtar med andre, venta på tur, visa omsyn og utvikla eit godt språk, kunna dela og hjelpa andre, men også visa sjølvkontroll, våga å stå fram og kunna setja grenser. Nokre treng hjelp til å koma inn i gode samspel, og til å løysa konfliktar. Det er svært viktig at alle rundt barna er klar over at dei er viktige førebilete. Me må derfor:

- ha respekt for barn og anerkjenna deira kjensler og meininger
- vera ein god venn, visa at me bryr oss om dei, vise at me blir glade for at sjå nettopp dei
- vera trygge og forutsigbare, ha tydelige grenser
- oppmuntre dei eldste barna til å hjelpa dei yngste, til å vise og ta imot omsorg.

Sosial kompetanse inneheld evne til samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll , empati og til å vise ansvar.

### Språk og kommunikasjon

Barnehagen skal sørga for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne kjensler og tankar. Felles opplevingar og aktivitetar gir eit rikt høve til kommunikasjon barn - barn og barn – vaksne og er

med på å auka ordforrådet til barna. Me vaksne i barnehagen er viktige som språklige modellar. Samtalar om felles opplevingar, om laust og fast, høgtlesing, forteljingar, songar, rim og regler er mellom anna komponentar som er med å leggja til rette for eit rikt språkleg miljø i barnehagen. Med auka språkleg kunnskap blir barna betre førebudde til skulestart. Det er viktig at barn har omgrep for å forstå. Me har dagen i dag, brukar teikn til tale, konkretar og bilete som støtte for språket. Med kunnskap om at barn lærer språk gjennom å bruke språk og i samspel med andre, er det viktig at alle barn blir inkludert i språklige aktiviteter.

#### Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidla verdiar og kultur, gje rom for barna si eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen vår er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet. Vår barnehage er open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda. Me legg også til rette for at barna skal få skapa sin eigen "barnekultur". Barn tolkar inntrykka sine og skaper mening ved å leike og gi form til det dei er opptekne av. Me formidlar kulturen gjennom bøker, song/musikk og kreativ verksemd, og legg til rette for at barn får møte den lokale kulturen. Bjoa barnehage vil ta del i kulturen i nærmiljøet gjennom formidling av tradisjonar, møte med bygdefolk, institusjonar, organisasjonar, lokale bedrifter.

#### Likestilling i barnehagen

I barnehagen sin formålsparagraf står det at barnehagen skal fremja demokrati og likestilling. Rammeplanen seier mellom anna at likestilling mellom kjønn skal vise igjen i barnehagen sin pedagogikk. "Barnehagen skal oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn" "Barnehagen skal bygga si verksemdban på prinsippet om likestilling mellom kjønna" "Gutar og jenter skal ha lik moglegheit til å bli sett og høyrt og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen"



## Fagområda

I Rammeplanen står det at me skal jobba med dei sju fagområda. Me har planlagde aktivitetar der me set fokus på eit eller fleire fagområde. Barna skal få kjennskap til og erfaringar med dei ulike fagområda. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikla seg, læra og oppleva framgang. Barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheter. Det vaksne skal vera eit «støttande stillas» for barn, som lever og lærer i ein heilskap.

### Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Me samtalar mykje, les bøker, har lesekrok, syng og driv med rim og regler. Me jobbar bevisst med språkstimulering, og nyttar språket i forskjellige former, både til læring og leik. Eit av satsingsområda våre er språk og kommunikasjon. Kartleggingsverktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) vert brukt til observasjon og kartlegging av språket. Dette skjemaet vert overført til skulen ved skulestart.

### Kropp, bevegelse og helse

Barna skal få mulighet til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Me nyttar kroppen vår i ulike aktivitetar, men treng kvile og! Me går på tur, ofte til «vår eigen» lavvo, har aktivitetar i gymsalen og leikar i barnehagen. Me kan og ta det med ro og lese ei bok eller teikna. Det gjeld å ha ein fin balansegang. Barnehagen legg vekt på at alle barn skal få gode rutinar, blant anna når det gjeld handvask. Dette er den beste måten å unngå smitte på, me skal og ha gode rutinar når det gjeld rett næring og sunn mat. Me har varm-mat ein dag i veka, då får barna vera med å lage til maten. Me legg vekt på at maten skal vera næringsrik, sunn og variert. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin og at dei blir bevisst eigne og andre sine grenser. Me jobbar for at barna skal bli trygge på eigen kropp, at dei har ei positiv oppfatning av seg sjølv og blir kjent med eigne følelsar. Me nyttar Psykologisk førstehjelp, rauder og grøne tankar, som er ein verktøyspakke som kan hjelpe barn å takle vanskelege tankar og situasjonar. Dette opplegget kjem barna til å møte i skulen og.

### Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barna høve til å oppleva kunst og kultur og til sjølve å uttrykkja seg estetisk. Mange av dei estetiske aktivitetane knytt til forming, musikk, dans og drama i barnehagen oppstår spontant, ved teikning, måling, konstruksjonsleik, rolleleik, song, samlingsstund osb. Me har ulike formingsaktivitetar knytt til årstider og tradisjonar. Me lagar noko sjølv, lyttar til andre, prøver å vera skapande, oppleva og glede oss undervegs. Kultur gjer livet rikt!

### Natur, miljø og teknikk

Barnehagen er ofte på tur i nærområdet. Me oppsøkjer ulike miljø, og gjer oss erfaringar med ulikt vær og årstider. Me brukar lavvoen der ein kan ha grupper med ulike aktivitetar og nyttar naturen rundt og vegen til og frå lavvoen. Me undrar oss med dei om livets syklus. Barna blir kjende med tekniske hjelpemiddel som digitalt kamera, me tek kopiar, og dei får noko erfaring med iPad/PC.

### Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme måten me oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Me jobbar for at barna skal utvikla toleranse, interesse og respekt for kvarandre. Rundt påske og rundt juletid pratar me om dei kristne høgtidene. Me har forskjellige bordvers for maten når me har måltid i barnehagen. Etikken kjem inn m.a. når me tek opp dette med å vera mot andre slik me ønskjer at andre skal vera mot oss. Eventyr og forteljingar stimulerer til fantasi og kan gi barn god forståing for etikk. Me kan filosofera og vil vera opne for barnas spørsmål. Me kan undra oss med dei, det er ikkje alltid dei treng eit svar på dei store spørsmåla i

livet. Andre relevante grunnverdiar som også rammeplanen understrekar er nestekjærleik, empati og solidaritet. Me har ei solidaritetsveke og tar opp relevante tema t.d. i samlingsstunda.

#### Mengd, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Me arbeidar for at barna gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar skal utvikla sin matematiske kompetanse. Kvardagen gir oss mange mogelegeheter der barna kan bli kjent med matematiske omgrep. Me tel kvarandre, dagar, leiker. Når me dekk på bordet tel me tallerkenar til kvar person. Me ser etter og teiknar former og mønster. Me sorterer når me leikar og i rydding og målar og veg opp ingrediensar når me baker.

#### Nærmiljø og samfunn

Me jobbar med lokalmiljøet vårt. Kor bur me? Kven er eg, kven er dei andre? osv. Me vil leggja vekt på å styrka kunnskapen om og tilknytinga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Tur står på programmet, då går me i områda rundt barnehagen. Barna må oppleve at dei er viktige for fellesskapet i barnehagen. Me må forholda oss til media, ting barn opplever via film og tv. Det er viktig at me har tid til lytting til det barna har å fortelje. Me skal også gi barna kunnskapar om samane som urfolk i Noreg. Vindafjord kommune er ein trafiksikker kommune. Barna lærer om trafikkreglar for fotgjengerar. Dei lærer om bruk av sansane sine i trafikken, og om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks

#### Satsingsområde

«**Vera Saman**» er eit satsingsområde og har m.a. fokus på varme og grensesetjande vaksne, utvikling av empati og sosial kompetanse.

Vindafjord er ein **BTI-kommune**; Betre Tverrfagleg Innsats. Det er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytta undring eller bekymring til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad.

#### Regional kompetanseutvikling

Barnehagen er med på regional kompetanseutvikling, som vert driven av Høgskulen på Vestlandet. Me jobbar systematisk med utviklingsarbeid, og jobbar med inkludering og at alle barn skal ha det trygt og godt i barnehagen. Arbeid med språkutvikling har vore eit satsingsområde i fleire år. Barn lærer språk gjennom å høre og bruke språket. Me har jobba med kvardagssamtalen under måltida, og korleis me kan legge til rette for ei god språkutvikling. Leseførebuande aktivitetar har ein og jobba systematisk med med dei eldste barna. I tillegg lærar barna språk gjennom rim og reglar, dramatisering, forteljingar, eventyr, song og musikk.

«Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna uttrykkjer kjensler, tankar, meningar og erfaringar på ulike måtar. Bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar».

## Overgang barnehage – skule

| TID            | TILTAK   |
|----------------|--|
| September      | Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale rutinen i kommunen ang. skulestart<br>Minner om at 15.januar er frist for å søkja om utsett/framskunda skulestart                |
| Desember       | Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta  |
| Januar -mars   | Skulen sender innskrivingsskjema til foreldra. Samtykke frå foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet.  |
| Januar -mars   | Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.  |
| Våren          | Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.  |
| Våren          | Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen.   |
| Juni<br>August | Overgangsmøte mellom skule og barnehage. Gjennomgang av TRAS og "Alle med".<br>Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. |
| August-oktober | Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høve til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema. Evaluering av overgangsprosessen.   |



## Planlegging og medverknad

Styrar har ansvar for Årsplanen. Pedagogisk arbeid skal vera i tråd med lov og rammeplan. Pedagogisk leiar skal planleggja, gjennomføra, dokumentera, vurdera og utvikla arbeidet på sin avdeling. Personalelet er alle delaktige i arbeidet gjennom personalmøter.

Foreldre er velkomne til å koma med ønsker og tips. Dei kan kontakta oss direkte, eller gjennom Foreldrerepresentantane og SU.

Barna har rett til medverknad. Dei får støtte til å uttrykkje seg, og slik kunne ha ein påverknad i sin eigen kvardag. Me tek omsyn til innspel frå barna, kva interesser dei har og barnet sin alder og modning. Barns medverknad blir tatt omsyn til ved å:

- vera med å velje aktivitetar
- sjå godt etter korleis dei har det og kva dei ønskjer
- la dei vera direkte med å planleggja kva som skal skje i gruppene i det daglege
- Gjennom forståing og innleiving
- Tolke non verbal og verbal kommunikasjon (særleg dei minste i barnehagen)

Dei kvardaglege aktivitetane tek mykje av tida i barnehagen. Me må vera klar over at det ligg mykje læring i det.

- kroppsleg aktivitet fremjar barnet sin eg-utvikling.
- språktrening skjer i dei fleste situasjonar i barnehagen som ved måltid, vask av hender, leikesituasjonar.
- erfaring får dei gjennom å hjelpe kvarandre, vente på tur m.m
- gjennom dette får barnet nytta sansane sine og gjere erfaringar som aukar sjølvkjensla

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt utrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3.  
(Rammeplanen s.27)



## Vurdering, observasjon og dokumentasjon

Barnehagen er ein lærande organisasjon, som har rutinar og metodar for å sikra at ein heile tida lærer av eigen praksis. Slik kan me skapa fornying og betring av eigen praksis.

Me skal regelmessig vurdera det pedagogiske arbeidet. Dette er noko som skjer både uformelt, fortløpande, og meir formelt, i leik, aktivitetar og kvardagsituasjonar, på møter, foredreråd og SU. Felles refleksjon gir utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Me spør oss: Kva fungerte og kva fungerte ikkje? Kvifor? Kva kan gjerast betre? Barn vurderer med å visa sitt engasjement. Dei eldste barna kan i tillegg inviterast til barnesamtalar.

Me observerer barna fortløpande, både trivselen og den allsidige utviklinga, for å kunna leggja gode planar tilpassa gruppa, og for å sørga for progresjon for det enkelte barnet.

Dokumentasjon synleggjer korleis me arbeider for å oppfylla krava i lov og rammeplan. Me skriv månadsplanar og legg ut foto på MyKid, og me heng opp bilet og produkt. Me nyttar Tras og Alle med som dokumentasjon på barn si læring og utvikling. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når me dokumenterer. Dersom me har tett oppfølging av eit barn for å gi eit tilrettelagt tilbod eller prøva ut tiltak, skal dette dokumenteras

## Samarbeid

Foreldre er vår viktigaste samarbeidspartnar. Det er deira barn me skal ta vare på, det aller kjæraste dei har. Lov om barnehagar seier: «Barnehagen skal gje barnet gode utviklings - og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med barnas heim»

Foreldresamarbeidet skjer gjennom:

- dagleg kontakt ved levering og henting
- foreldresamtalar og foreldremøte
- foredreråd og samarbeidsutval
- Vindafjord kommune brukar digital stafettlogg. Stafettloggen skal bidra til betre tverrfagleg innsats i kommunen. Stafettloggen set barnet si utvikling og foreldra si medverknad i sentrum.  
Foreldre må samtykke til at det vert oppretta stafettlogg ved behov.

Andre samarbeidspartar:

- PPT, samarbeid og rettleiing til foreldre og personalet.
- BTI – tverrfagleg samarbeid.
- Skulen: samarbeid ved overgang.
- Kyrkja: før jul, påskevandring før påske.
- Fysioterapeut, helsestasjon, logoped.
- Barnevernenesta
- Barne- og familierrettleiar og psykisk helseteam for barn og unge i kommunen
- Utdanningsinstitusjonar, studentar i praksis.

